



Arve Bjørneberg, verdsarven i eigen person, med verdsarvfeane.



Erkeengelen spelt av Marit Rønneberg.

Elisabet Grønningsæter og Nina Rønneberg Grønningsæter som meterologar og kjerringar.



Hilde Melchior og Stein Ivar Krohn som kaklände fjørkre.



Sigrun Lilleås og Knut Grønningsæter i høgdepunktet grevinna og hovmeisteren.

# Tradisjonen tru

Dagen før nyttårsaftan var det NIL-fest på Grendahuset i Norddal, og som ein av sketsjane sa det: «Det same i år som det brukar å vere kvart år».

Alfred Nilsen  
alfred@storfjordnytt.no

Ei handfull folk har jobba sidan oktober med å lage sketsjar og underhaldning. Dei har kome saman og laga litt av kvart av morosame ting. Ny teknikk hjelper til slik at ein kan vise videosnuttar, noko publikum sette stor pris på gjennom heile programmet.

Festen starta med ein presentasjon av kvar av komitedlemmene gjennom video, bilde og lyd. Morosame påfunn og nye vinklingar på elles godt kjende personar på norddalshimmelen. Dette før dei heldt fram med ein song og ein til, der publikum fekk vere med, musevisa med ny tekst, og som det så treffande stod i refrenget: «Ver no litt tolmogig så skal dette nok gå bra». Desse orda er meir som ein regel for dei som jobbar i komiteen, det siste er som regel ikkje på plass før festen er i gang, men det går som regel bra. Noko det også gjorde denne gongen.

## Mat

Og så er det mat. I år fekk publikum servert spekekjøtt med tilbehør, og tilbehør kan like gjerne vere all den gode praten som fort kjem i gang når folket i Norddal kjem saman til denne tradisjonelle feiringa mellom jul og nyttår. Så er det kaffi og god kake medan ting byrjar skje frå scenekanten.

## Og med eitt

Så stod han der, midt i blant oss, engelen som kom med verdsarvbodskapen. Engelen fortalde om dei tre som var på leiting etter verdsarven. Desse

var kommunehovding Arne, erkehovding Sve og sjølvsaugt friluftsliv-Merete. Dei leitte mellom geiteperler, hestelort og gammal ost, men fann han til slutt i eit nedlagt sandtak på Dale-sida.

– Kaffi og kake til heile gjengen, ropte Arve Bjørneberg etter ein flott dans av verdsarvfeane.

## Sex på ferja

Ei fortvila jente blei govt utnytta av ein matros på ferjesambandet Eidsdal - Linge. Ho gøymde seg i ein livbåt, der ho fekk mat og bevertning kvar dag, i den tru at ho var på veg til Amerika. Eit par fjørkre kom kaklände inn i salen, medan publikum fekk oppdatert kva dei tenkte på skjermen. Og det var sjølvsaugt sex.

## Teambulding

I programmet krydra dei det heile tida med videosnuttar av komiteen på teambulding for å greie å takle dette presset. På aketur på Lilleåsen, svømmeur i fjøra og på trimrommet. Populære innslag, der kvinneglam og hoing frå karane var resultatet.

Eit par kjerringar frå bygda avslørte kransekatetrikset og utveksla erfaring om korleis dei skulle nytte kaillane på best mogleg vis. Programmet runda dei av med ein flott og lokal vri på grevinna og hovmeisteren. Denne og dei andre sketsjane var godt gjennomførte, samstundes som ein også kunne finne alvorlege tema som var berørt på ein omsynsfull måte.

## Institusjonar

Ein kan gjerne seie at NIL-festen i Norddal er ein institusjon. Det same kan ein seie om bandet som hadde kome for å spele opp til dans. Zephyr frå Valldal er eit drivande godt danseband som lagar god stemning. Sjølvsaugt kunne ein ønskje seg endå fleire folk på eit slik arrangement, men slik har det vore før og NIL-festen taklar det.